



Styremøte Hareid IL Trimgruppa 13. september 2017

Tid og stad: Onsdag 13. september 2017 klokka 19:00 på klubbhuset.

Til stade var Bernhard, Roar, Stein, Andreas, Lisbeth og Gunn Bente

Sakliste:

1. Referat frå hovedgruppa sitt styremøte sist tysdag.

Bernhard gikk gjennom referat frå Hovedgruppa. Gjennomgang av rekneskap viste store avvik i rekneskapet i forhold til bilag. Ingen merknader til Trimgruppa som så langt ikke har så store kostnader på utgiftsida. Det hadde vore tildeling av treningstider i hallen. Status på framdrift av fotballhallen.

2. Gudsteneste på Alskleiva.

På Gudstjenesta på Alskleiva var det Bernhard som stilte. Det vart delt ut lodd ved ankomst og trekning på slutten av gudstjesta. Premiar var restlager av det vi hadde frå Stormberg.

3. Status på Fjellorienteringa.

I år har det vore lite "klaging" på oppsatte postar. Folk nyttar FB sida til spørsmål om plassering. Anslagsvis har vi til no solgt 450 kart. Endelig opptelling blir etter 15 oktober, då karta blir samla inn frå G.Sport og Sportsenteret.

4. Status for klivvegg på Hareid.

Det har blitt sendt ein E.post til friluftskoordinatoren som er ute i svangerskapspermisjon og Helga Bøe skulle vidarese denne til ein "vikar" Det har stoppa der og vi kan vel konkludere at det er lite drahjelp å få frå kommunalt hald. Saka står på stedet/hvil. Dersom det ikkje blir byggestart av hallen innan søknadsfristen vil vi søke Gjensidigestiftelsen igjen om støtte til Tuftepark.

5. Styrkeprøva. Treng vi hjelp til arrangementet?

Vi konkluderte med at vi klarer oss med medlemmane i styret. Bernhard er med på oppstart i Eiksund og leverer startliste i Alskleiva. Lisbeth, Raymond, Andreas og Leif Arne går turen. Gunn Bente og Stein er utplasserte på Alskleiva medan Bernhard og Roar står i målområdet i Korshavna.

Gunn Bente skaffar premiar, saft og Twist. Lisbeth har koppar frå tidligare arrangement.

Bernhard legg ut info om arrangementet på nettsida til Hareid II Trim og Leif Arne ordnar annonse i Vikebladet.

6. Status for Skilting ved Andreas.

Andreas orienterer om skiltplanen. Dei har planar om å ferdigstille merking av ræser på Brandal komande helg. Har med Helge Brandal som kjentmann. Vi diskuterer om det hadde vore ein ide at Leifen skreiv litt om skiltinga og ræsene på Brandalsfjella. Vi avventer skilting på Bjåstad då det er snarlige planar om uttak av skog i området. Det blir spanande å sjå korleis det vil sjå ut etterpå. Det er også planar om tre skilt på Bigset, men dette må avklarast med grunneigarar. Parkering vil bli anvist til plassen nedom barnehagen. Vi skal også skilte Kvammen-Alskleiva. Vi set også opp skilt ved bommen på Nettet. Oppe på flata skiltar vi mot Storenakken og Løkeberghornet.

7. Eventuelt.

a. Innkome forslag om postkasse i enden av Rotarystien frå hr. Pettersen.

b. Anna?

Vi anser strekninga frå vegen og til enden av stien til for kort til å sette opp trimbok der. Vi vel å sette opp ei kasse i torvsjåen som ligg ca halvvegs i løypa. Bernhard ordnar med kasse og bok.

Gunn Bente

Referent